



# ÅRSMELDING FOR 2011

## JØSNESET BYGDARÅD

**Årsmøtet blei halde 28.02.11.**

Solveig Bog Bouzane møtte for valnemda. Valnemda sitt forslag blei einstemmig vedteke:

Berit S. Hjorteland, ny leiar

Odd Fossaa, Sven Westersjø og Cesilie Wåland er nye styremedlemmer

Ola Skiftun er nytt varamedlem for 2 år

Knut Foss er nytt varamedlem for 1 år

Helga Havneraas er nytt medlem i valnemda

**På første styremøte konstituerte styret seg slik:**

Leiar: Berit S. Hjorteland

Sekretær: Silje Sværen

Kasserar: Odd Fossaa

Styremedlem: Cesilie Wåland (ansvarleg innkjøp) og Sven G. Westersjø (ansvarleg Trivselsstova)

## ÅRET 2011:

- Bygdarådet har hatt 7 ordinære møte
- **Ryddedag:** 10. mai. Godt oppmøte, med pølser, brus og kaffi som vanleg.
- **Jon Sok-feiringa** var som ellers i Skiftu-stranda. Det var godt oppmøte og været var relativt bra! Grilling, tautrekking og krabbekonkurranse som vanleg.
- **Tenning av julegrana** 4. desember ved brannstasjonen. Me samarbeida med Juletrefest-komiteen, og selde faklar og pølser til inntekt for prosjektet «betre kreftomsorg». Gang rundt juletreet, gløgg, pepparkaker og nisse i år òg. Med fyr på bålpanna og mykje folk blei det eit triveleg arrangement.
- **Trivselsstova:** Sven er kontaktperson for utleige av trivselsstova. Me arrangerte nedvask av lokalet, og ny oppvaskmaskin skal no på plass.
- **Møte med teknisk leiar.** I mai inviterte me Morten Jensås frå kommunen til å informera om tiltak som er under planleggjing på Jøsneset, m.a. utbyggjing av

kommunalt vatn, utbetring av kommunal veg og opparbeiding av ny parkeringsplass ved Bedehuset.

- **Jøsneset på nett:** Vår heimeside [www.josneset.no](http://www.josneset.no). har mykje besøk. Den blir jevnleg oppdatert med små og store nyheter frå bygda. Bygdarådet, Ungdomslaget og Helselaget er saman om å driva sida, med Svanhild H. Gbada som «nøkkelperson».
- **Gapahuken:** Bygdarådet tar sin del av ansvaret for drift og vedlikehald av Gapahuken ved Fosstemmen. Det er planar om ein dugnadsdag for å hogga ved til bruk i grua.
- **TV-aksjonen:** Bygdarådet gjekk som vanleg med bøsser
- **Prosjekt Bulyst:** Bygdarådet har delteke saman med Ungdomslaget og Helselaget om å laga eit prosjekt med ein felles samlingsstad ute. Odd Fossaa har vore Bygdarådet sin representant i prosjektgruppa.
- **Ballbingen** blei olja på ny

#### **Andre saker me har jobba med:**

- o **Delteke på årleg fellesmøte** med kommunen og dei andre bygdaråda
- o **Send fleire brev til Statens vegvesen** ang rydding av vegetasjon langs vegen, kapasitet på ferja, ferjeruter, avvikling av kø m.m. Me er fortsatt i dialog med Vegvesenet om desse tinga.
- o **Laga uttale til ny kommuneplan** som måtte ut på ny høyring
- o **Betre vedlikehald på gravplassen.** Me har klaga på at gravplassen ofte ser ustelt ut, men kyrkjekontoret skuldar på for små ressursar. Me jobbar vidare med saka – også i år.
- o **Plassering av Miljøstasjonen.** Me er nøgde med at RyMi no endeleg har opparbeida ny miljøstasjon nord for Nesvik, men vil fortsatt ha fokus på at den blir halden ryddig og fin framover.
- o **Send brev til kommunen** ang brøyting/strøging av veg, utbetring/utviding av parkeringsplassen ved skulen m.m.

*Skiftun 07.02.201 Silje Sværen*